



Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2809 - 18/28320

Saksbehandlar:  
Eirik Schütz  
eirik.schutz@lindas.kommune.no

Dato:  
14.09.2018

## ● Førehandsvarsel om egedomsinngrep m.v.

Lindås kommune vedtok 3.5.2018 reguleringsplan for E 39 Knarvik sentrum – oval rundkøyring, planID 1263-201702.

Planen er å starte bygging i 2019.

Vi er innstilt på å kome fram til minnelig avtale om grunnavståinga. Desse forhandlingane er starta opp og vil halde fram utover hausten.

Oppstartstidspunktet gjer det naudsynt å gå i gang med ein parallel prosess for å kunne erverve eideomen ved *ekspropriasjon*.<sup>[1]</sup> Heimel for å ekspropriere vil være plan- og bygningslova § 16-2 Den lyder lyder:

*”Kommunestyret kan foreta ekspropriasjon til gjennomføring av reguleringsplan.”*

● De er med dette varsle om at ekspropriasjonssak vil bli fremja for kommunestyret.

Vi ser det ikkje som praktisk mogleg å gjennomføre skjønn før vi tar grunnen i bruk. Det vil difor bli søkt om løyve til *førehandstiltrede* basert på oreigningsloven § 25. Vi varslar derfor også om at kommunestyret vil bli beden om å gjere vedtak om at det kan søkast om førehandstiltrede. Dersom søknad om løyve til førehandstiltrede vert innvilga, fører dette normalt til at areala som skal eksproprierast vert tatt i bruk frå det tidspunkt vedtak om førehandstiltrede er gjort.

Betaling for grunn og rettar vil bli fastsatt ved rettslig skjønn, kravd av Lindås kommune. Skjønnet vil bli halde for Bergen Tingrett. Dersom De ynskjer å nytte juridisk hjelp gjer vi merksam på skjønnsloven § 54:

*”Saksøkeren skal erstatte saksøkte nødvendige utgifter i anledning skjønnssaken.*

<sup>[1]</sup> Ekspropriasjon er tvungen avståing av eideom mot erstatning



Ved avgjørelsen av spørsmålet om utgiftene har vært nødvendige, skal retten blant annet ha for øye at de saksøkte til varetakelse av likeartete interesser som ikke står i strid, bør benytte samme juridiske og tekniske bistand. Vil saksøkeren påberope seg denne bestemmelse, må han ta spørsmålet opp snarest mulig under saken.”

Kommunen vil, i medhald av § 54, andre ledd, kreve at saksøkte som ikke har motstridande interesser samlar seg om felles advokat.

Til orientering er dette brevet også sendt til dei advokatane som hittil har meldt seg.

De vert med dette oppfordra til å kome med uttale om ekspropriasjonsinngrepet og søknad om førehandstiltrede innan tre veker fra De mottok dette brevet.

Uttale kan sendast til: postmottak@lindas.kommune.no, alternativt pr. post til: **Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø**. I begge tilfeller merket med vårt saksnummer.

Vi ber Dykk samtidig opplyse om De har egedomsretten saman med andre. Vidare om det ligg rettar på aktuelle areal som kan kome i kollisjon med ekspropriasjonen. Dette kan være aktuelt blant anna ved festerettar, forkjøpsrettar eller leigerettar. De vert i så fall beden om å underrette rettighetshavarane om dette varselet. Dersom det er flere eigalarar eller kolliderande rettar på egedommen, ber vi Dykk om å opplyse navn og adresse til vedkommande. Vi ber samtidig om å få tilsendt kopi av eventuelle kontrakter som viser innholdet i rettane. Det vert i denne samanheng vist til oreigningsloven § 24 andre punkt som lyder:

”Eigaren skal gjera greie for alle rettar som han veit hefter på egedomen, og som inngrepet kan få verknad for, om det vert kravd.”

Vi gjer for ordens skuld merksam på oreigningsloven § 28 som lyder slik:

”Etter at eigar eller rettshavar er gjeven høve til å seia si meining etter § 12, jfr. og § 13, må han ikke råda rettsleg over egedomen det gjeld, utan oreigningssøkjaren samtykkjer, og heller ikke gjera noko med eller på egedomen som kan hindra, valda vanskar for eller fordyra det påemna oreigningsinngrepet. Om eigaren eller rettshavaren likevel gjer såvare, skal det gjerast frådrag i vederlaget hans for all skade åferda har valda oreignaren; og arbeid som elles skulle gjeva eigaren eller rettshavaren rett til auka vederlag, skal det ikke takast omsyn til når vederlaget vert fastsett.”

Med helsing

Eirik Schütz  
kommuneadvokat

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*